



Alpinkomiteen@

Sakshand.: RE/ KD

Dato: 20.04.2022

Arkivk.: ak/møter/innkalling/21-23

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 06 I ALPINKOMITEEN, 2021-2023

Stad: Thon Hotell Jølster
Tidspunkt: Onsdag 20. april, 17.30-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 36 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 37 21-23 Godkjenning av AK protokoll nr. 05 21-23

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 38 21-23 Evaluering alpinesesongen 2021-2022
SAK 39 21-23 Samlingsplan 2022-2023
SAK 40 21-23 Endring i alpinkomiteen
SAK 41 21-23 Handlingsplan 2021-2023
SAK 42 21-23 Saker til Vårmøte 23. mai 2022
SAK 43 21-23 Terminliste 22/23

ORIENTERINGSSAKER

SAK 44 21-23 Marknadsarbeid
SAK 45 21-23 Sparebanken Vest Utøvarstipend
SAK 46 21-23 NSF Fagmøte 2022

EVENTUELT

SAK 47 21-23 Fagleg møte ifbm. NM Narvik 2022

TIL STADES: Roger Ellingsund, Cato Vik, Melanie Hetkamp-Andersen, Kåre Hetle, Elisabeth Sætren, og Kennet Dvergedal (adm.)

FORFALL: Erik Solheim

MERKNADER: Elisabeth Sætren deltok digitalt

REFERENT: Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 36 21-23

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK:

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 37 21-23

Godkjenning av AK protokoll nr. 05 21-23

Bakgrunn

Protokoll frå AK møte nr. 05 21-23 er sendt ut som eige vedlegg og godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK:

Alpinkomiteen godkjenner AK protokoll nr. 05 21-23

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 38 21-23

Evaluering alpinesesongen 2021-2022

Bakgrunn

Komiteen evaluerer sesongen 2021-2022 m.a. på følgjande innsatsområder:

Arrangement/ terminliste og avvikling

- Færre renn enn terminfesta
- Renngjennomføring ikkje alltid like god (sjå sak i AK møte nr. 05)
- KM super-G og super-kombinasjon utan KM-medaljar
- Informasjon/innbyding til renn i siste liten
- Ansvarsfordeling

Krinssamlingar

- Gjennomført etter planen både barmark og ski
- Kjerne på 15 utøvarar som deltek på samlingar

Krinstreningar

- Gjennomført etter planen
- Til neste sesong vurderer AK å avslutte med onsdagstreningar og legge til rette for samlingsbaserte krinstreningar i helg.
- Reiel og Jørgen bidratt som trenarar og gjennomført trenar-2 kurs

Renndeltaking og rekruttering

- Gjennomsnitt 15-20 løparar, alle aktive er med
- Sportslege resultat, frå U12 til FIS

- Topp 10 bama
- Topp 20 telenor
- Topp 10 HL
- Mange gode resultat på FIS renn (topp 3 plasseringar)
- To bronsemedaljar i NM

VEDTAK:

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og legg evalueringa til grunn i den vidare planlegginga av sesongen 2022-2023.

SAK 39 21-23

Samlingsplan 2022-2023

Bakgrunn

Med bakgrunn i evaluering og tidlegare drøftingar skal komiteen legge rammer for det sportslege tilbodet sesongen 2022-2023.

Komiteen drøfta m.a. desse punkta:

- Barmark
- Skisamlingar
- Rekrutteringssamling
- Felles barmarksamling på tvers av greiner i SFSK?

VEDTAK:

Alpinkomiteen gjorde følgjande vedtak i saka:

- Barmark
 - o Dagsamling
 - o Startar opp medio august
- Skisamlingar
 - o 30. april-1. mai (dersom Grotli blir avlyst)
 - o 7.-8. mai
 - o Informasjon fortløpande, påmeldingsfrist onsdagen før, minimum 4 foreldre påmeldt
 - o For alle
 - o Skisamlingar i krinsregi haustferien (veke 41)
- Skisamlingar – samlingar med andre rennskular
 - o Krinsen subsidierer kr. 500,- til deltaking på alpinskular for inntil 20 samlingsdøgn for aktuelle løparar (U12-U16).
- Rekrutteringssamling
 - o Legg ikkje opp til samlingar ilt hausten, brukar vinteren til rekruttering.
- Felles barmarksamling på tvers av greiner
 - o Adm. følger opp med andre greiner
 - o Legge opp ein plan som inkluderer alle greiner

SAK 40 21-23

Endring i alpinkomiteen

Bakgrunn

Med bakgrunn i tilsetjinga av Malanie Hetkamp-Andersen som skiklubbutviklar i SFSK kan ho ikkje ha medlemsverv i alpinkomiteen.

Komiteen drøfta val av nytt komitemedlem eller fortsette med 5 personar i komiteen ut perioden.

VEDTAK:

Alpinkomiteen gjer vedtak om finne ny representant til alpinkomiteen. Representanten blir vald i forbindelse med Vår møte 2022.

SAK 41 21-23

SFSK Handlingsplan 2021-2023

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2021-2023 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2021.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta alpinkomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

VEDTAK:

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.

SAK 42 21-23

Saker til Vår møte 23. mai 2022

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at vårmøte 2022 skal avviklast på Skei ved Thon Hotell Jølster, mandag 23. mai 2022.

Ein har lagt til grunn følgjande rammeprogram:

Kl. 18.00-19.00:

Fellesopplegg ved skikrinsstyret

Kl. 19.00-21.00:

Vår møte alpint, langrenn, og hopp/ kombinert

Ibhm. vårmøte 2021 la ein til grunn følgjande sakliste:

- Evaluering av alpinesesongen 2020-2021
- Sportslege rammer sesongen 2021-2022
- Rekrutteringsarbeid/ trenarkurs
- Leige av utstyr frå klubbar til krinssamlingar
- Rammer for terminlista 2021-2022
- Økonomi/ Marknad

VEDTAK:

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste i samband med Vår møte 2022:

- Evaluering av alpinesesongen 2021-2022
- Sportslege rammer sesongen 2022-2023
- Rekrutteringsarbeid/ trenarkurs
- Leige av utstyr frå klubbar til krinssamlingar
- Rammer for terminlista 2022-2023
- Økonomi/ Marknad
- Kompetanseheving klubb/ renngjennomføring
- Rekrutteringsmidlar til «vellykka» rekrutteringsarbeid til klubb

SAK 43 21-23

Terminliste 22/23

Bakgrunn

Rammer for terminlista 22/23 skal leggest fram i samband med alpinkomiteen sitt Vår møte 23. mai 2022.

Endeleg handsaming av terminlista kjem i samband med alpinkomiteen sitt Haustmøte.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at terminlisteansvarleg skal ha ansvar for terminlisteprosessen 2022-2023.

Rammer for terminlista 22/23:

- Færre rennhelgar, fleire dobbelt renn
- Samarbeid med nabokretsar

ORIENTERINGSSAKER

SAK 44 21-23

Marknadsarbeid

Bakgrunn

Status marknadsarbeid i AK.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
Fjord1	Alpint	2024	Avtale går t.o.m. 2024
Sparebanken Vest	Alpint	2021	Avtale går t.o.m. 2021. Forhandlingar er i gong.
Intersport Sogndal	Alpint	2024	Avtale går t.o.m 31.05.2024.

VEDTAK:

Alpinkomiteen tek status marknadsarbeid til orientering.

SAK 45 21-23

Sparebanken Vest Utøvarstipend

Bakgrunn

Ifbm. samarbeidsavtalen med Sparebanken Vest har utøvarar frå krinsen hatt moglegheit til å søke eit utøvarstipend på kr. 50 000,-

Komiteen gjorde vedtak i sak 65 17-19 om at følgjande kriterie skulle ligge til grunn for søknad på utøvarstipend:

- FIS-løparar
- Utøvar frå Sogn og Fjordane og representerer klubb frå Sogn og Fjordane
- Utøvar må vise potensiale til å nå langt
- Utøvaren viser gode haldningar

VEDTAK:

Alpinkomiteen tek saka til orientering, avventar søknad utøvarstipend til samarbeidsavtalen med Sparebanken Vest er på plass, og deler ut eventuelt stipend på Haustmøtet til alpint.

SAK 46 21-23

NSF Fagmøte 2022

Bakgrunn

Norges Skiforbundet Alpint sitt fagmøte vert avvikla 9.-10. juni 2022 ifbm. Skitinget 2022 i Molde.

VEDTAK:

Alpinkomiteen gjer vedtak om å sende ein representant.



EVENTUELT
SAK 47 21-23

Fagleg møte ifbm. NM Narvik 2022
Bakgrunn

Elisabeth var med på fagleg møte NSF ifbm. NM 2022 i Narvik. Tema som vart drøfta:

- Utfordringar i dei minste kretsane (rekruttering)
- Skigymnas
- Utdanning etter skigymnas
- Kostnadar for eldre junior og senior utanfor landslag
- Renn i Sverige har lettare for å oppnå gode FIS punkter

VEDTAK

Alpintkomiteen tek saka til orientering.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Roger Ellingsund (s)
Leiar AK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef